Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bordskikk til kvardags.

Oppskr. av: Arne Stuestøl

(adresse): Førland, Kvinesdal

Fylke: Vest-Agder.

Herad: Kvås

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Både etter eiga røynsle og etter gamle folk.

## SVAR

1. Det er serleg i seinare år ein har teke til å eta på kjøkenet.
Ein sat ved langbordet til alle måltidene
Skiva hadde ein bare i småhytter.

2. Alle sat ved same bordet og gjer det no og.

3. Alle åt på same tid og stad.

4. Både husbondsfolk og tenarar får same maten.

5. Somme stader et huslyden på kjøkenet. Men det vanlege er at ein et i stova.

6. Sjå 5.

7. Det vanlege var at ein hadde faste plassar ved bordet med eldstemann (kårkallen) i høgsætet deretter husbonden så huslyden og tenarane. Borna sat nedst.

8. Borna sat og åt til bords.

9. Høgsætesplassen heiter så enno. I eldre tid då ein nytta langbord, var det ein høgsætebenk med ryggstø på den sida av bordet i motsetnad til forsætet på nedre sida.

4877

10. Heidersplassen i ei moderne stova ymsar. Til vanleg er det plassen lengst frå inngangs- eller kjökendöra.

11. Ein var ikkje nöye med å vaske hendene. Det kom först i bruk i seinare år. -- Siste 20-30 år. Mannfolka var alltid barhovda ved bordet.

12. Før, - til for ca. 50 år sidan, åt alle av same fatet både graut, süpe og tykkmjölk. Men til graut hadde kvar sin mjölkekopp. Den heitte kopp eller bolle. I eldre tid var han laga av tre, seinare steinty. Ein tok ei skei graut og duppa i mjölka når ein åt. Nå drikk somme av koppen, andre slår mjölka på grauten. Til å drikke av til maten vart det vrok helst då kaffien kom at ein fekk einskilde vassglas. Før sende dei frå den eine til den andre ölskål, mjölkefat eller blandespann.

13. Graut og süpe vart frambörne i fat. Det var berre pannesteik som kom i panna. Som pannering nytta ein ofte gamle borddiskar (treskiver) eller ein serleg slag ringar sett saman av trestykke av denne forma:



Desse vart tredde inn i einannan så ein fekk ein ring. Smalenden snudde ned mot bordet, og panna stod på dei tykke endane.

14. Det var vanleg at eldre folk laga

4877

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

<u>bede</u> av flatbrød. Ein tok eit stykke kjøt, fisk eller kva ein no hadde på ein flatbrødmole, Oppå det eit potetstykke og så braut ein brødet saman til ein bite.

15. Det går godt an å ta ein sukkerbit i munnen og drikke kaffe til. Det er vel helst „fint."

16. Før var det serleg fint å drikke kaffe av skåla. No sømer det seg ikkje, og dei som gjer det, syner at dei ikkje har lært folkeskikk.

17. Til vanleg kvardagsbruk åt ein alltid før med kniven og fingrane. Det var berre i gjestebod o.l. at ein hadde gaffel og vel ikkje før dei siste 10-20 år i fyrre hundradåret. Til vanleg bruk er det fyrst i dei siste 30 åra gaffel har vore nytta - utan på einskilde stader.

18. Før brukte mannfolka tolekniv eller fallekniv. Kvinnfolk hadde bordkniv (jünges), men oftast var det vist berre ein på bordet.

19. Kvar hadde si skei av tre. Når ein hadde ete var det å stryke av skeia med handa og leggje ho ned i bordskuffa, eller setje ho i ein bjelkesprekk.

~~22~~. Vask av skeiene kom saman med bruken av gaffel. - for ca. 50 år sidan.

20. Porselen eller steintøy kom i bruk i siste helvta av fyrre hundradåret. Før hadde ein bordliskar, tintallerker eller ein nytta berre ein brødmole å leggja kjøtet på. Supe og graut i eitt fat til alle.

4877

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Overgangen frå sams fat for alle gjekk steg for steg etter som steinty kom i bruk. No er det berre djupe tallerker til graut.

21. Borddük vart bare nytta når det skulle vera ekstra fint i gjestebod o. dl. No er det vanleg, - i dei siste 30 år. Mellom måltidene ligg ein annan dük eller eit bordteppe på bordet.

22. Til kvardags brükar ein til vanleg voksduk

23. Vanleg tok dei vaksne til seg sjølv, men hüsmora etla üt maten til borna, i alle fall süvlet. - Å dele maten heitte å etla.

24. Det var serleg middag som vart etla üt: kjöt, steik, fisk o.s.b. til borna. Av tørrmat var det både bröd og kaker. Både hüsmora og hüsfaren ominde på til borna.

25. Regelen var at alle fikk nok. Menn og vokstringar laut ha meir enn kvinnene.

26. Alderen ymsar mykje når borna får lov å forsyne seg sjölv. Det skie seg kor redde foreldra er for süvlet. Far og mor hjelper dei små.

27. Det var vanleg å tyggje til småborn.

28. Vanleg er det stille bordbön når det er bere vaksne. I lag og gjestebod syng ein bordvers. Elles er det ein av borna som les högt dersom det er born i huset.

29. Borna skülle helst teie med bordet.

30. Det var svert üpassande å le ved bordet. Tilrettevisinga var oftast: „Vi et ikkje kniseg raut!"

31. For det üsömelige i å syngje ved bordet

4877

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5

har ein ordtaket: „Eg visste ikkje at mannen var galen før han song ved bardet."

32. Alle laut sitje ved bordet til alle var ferdige. – „halde bordskikk."

33. Borna plar seie takk for mat til foreldra (ikkje alle stader), og mannen til kona.

34. Kom ein framand inn under målsidet, så han: „Velbekomme," eller „velbekomme spisen."

35. Tilfeldige framande vart oftast bedne å eta med.

36. Oftast får framande mat om dei kjem mellom måltidene. Elles er denne skikken på retur.

37. Tilfeldige framande skulle alltid ha det beste huset kunne by på.

38. Kjelen stod ikkje og står ikkje på heile dagen.

39. Er det ein ein kjenner godt, kan han godt sitje på kjøkenet an ein et der, elles lyt han få mat i stova. Er det serleg fine framande, lyt dei i bestestova. Han et oftast åleine.

40. Før laut ein alltid la seg nøyde til å eta, men no er skikken avlagt.

41. Dersom gjesten et åleine, lyt det vera ein til å halde han med lag medan han et. Han sit vanleg framme i stova eit stykke frå bordet og vend mot dette, utan å la det sjå ut som ein heldt auga med gjesten. „Vi tel ikkje maten i folk."

4877

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING